

Til Styret i Helse Vest,  
Styret i Helse Førde,  
Fylkesordfører  
Nordfjordrådet og Politiske parti i Sogn og Fj.

### **Fråsegn fra Eldreråda i Vågsøy – Selje – Vanylven – Eid kommunar**

Eldreråda i dei nemde kommunene ser med stor uro på det økonomiske uføre som Helse Førde er kommen i og på situasjonen for lokalsjukehusa i Sogn og Fj.. Spesielt er vi opptekne av stoda til Nordfjord Sjukehus Vi ser at der foregår ei nedbemanning og sniknedlegging av avdelingar som vi ikkje kan akseptere. Vi ser at ved ei ytterligare nedbemanning er det kroken på døra for dette sjukehuset,

Dette er urovekkjande spesielt for folket i kystkommunane.Vi.16000 personer.som bur ute ved kysten lever under ekstreme veirforhold som kuling,storm og orkan heile vinteren. Dette medfører angst og forringar livskvaliteten vår på grunn av at vi veit at ambulansehelikopter ikkje kan lande under slike veirforhold. Dermed har vi 4-5 timer i ambulansebil til Førde og det er umenneskjelege forhold der det er sjukdom med store smerter og livet står på spel På toppen av dette må ein byte ambulansebil under vegs og dele bil med andre pasienter,

For dei fødande er det og ein spent situasjon.

For når tide for fødsel nærmar seg er det spørsmål om ein rekk fram til sjukehuset i tide.Og dette medfører stor uro i den største hendinga for ei ung familie; Eit lite barn skal komme til verda.

Vågsøy kommune har engasjert seg i saka og vi viser til skriv sendt til Helse-og omsorgsdept .fra Kommunestyre møtet 26.02.07. Vi stiller oss bak dette skrivet generelt og spesielt avsnitt 3 der det står

;

Sitat : Fastlegene i Nordfjord har i egen uttalelse (2006) til Helse Førde slått fast hva de mener en fremtidig minstestandard skal inneholde ,En slik minstestandard er viktig også for å kunne sikre rekrutteringen til fastlegestillinger i distriktet .Nordfjord sykehus har idag de funksjoner som fastlegene mener må vere til stede: Heldøgns laboratorietjeneste, heldøgns røntgentjeneste, anestiberedskap, kirurgisk/ortopedisk beredskap, fødeavdeling med hastesnittkompetanse og indremedisinsk beredskap, Vågsøy kommune støtter tanken om å innføre en klar minstestandard for akuttfunksjonene ved lokalsykehusene. Sitat slutt.

Vi ber innstendig Styret i Helse Førde om å ta omsyn til vår situasjon her ute ved kysten .Det er veirforholda som gjer vår situasjon spesiell. Vi ber for folk i alle aldrar og spesielt for unge familiar som vi gjerne vil skal busette seg i kommunane våre Sjukehuset er garantist for tryggleik for liv og helse

Til slutt har vi direkte spørsmål til Styret i Helse Førde,;

Er pasienten viktig for Styret i Helse Førde ?

Er det bare pengar det gjeld heile vegen ?

Er det mogeleg å spare pengar på andre måtar ?

F,eks. på å ta vekk tilbod ved sentralsjukehuset som vi kan klare oss utan ?.

Så som Patologiavdelinga ? Kreftavdelinga ? (Pasienten kan få behandling ved Haukeland sjukehus eller Radiumhospitalet )

Late vere å investere i sjukehotell ? Vi trur det er pengar å spare her .

HEILT TIL SLUTT VI må få presisere at vi er svært glade for at der er komme Dialysemaskin, MR maskin og Rusavdeling til Nordfjord Sjukehus  
Dette er svært bra for pasientane at dei slepp å reise så lang veg for desse tjenestene, Men dette må vere i tillegg til dei tjenestene vi har ved sjukehuset  
Der er ikkje meir å kutte på Nordfjord Sjukehus Der er grensa nådd

Måløy 15 oktober 2007

For Vågsøy Eldreråd

Asbjørn Endal  
sign.

Selje Eldreråd

Richard Eide  
sign.

Bremanger Eldreråd

Mayfrid Hestetreet  
sign.

Vanylven Eldreråd

Alf Aasen  
sign.

Eid Eldreråd

Anna N. Haugland  
sign.